

Årsmelding 2020

FIL Orientering

orientering.fordeidrettslag.no



Førde IL Orientering – Årsmelding 2020

- Året 2020 oppsummert
- Årsmelding frå teknisk råd
- Årsmelding frå turorienteringsrådet
- Årsmelding frå trenings- og rekrutteringsrådet
- Resultatrekneskap 2020
- Resultat balanse 2020
- Budsjett 2021
- Tiltaksplan 2020 med resultat

Godkjent på Førde IL Orientering sitt årsmøte 15. februar 2021

Året 2020 Oppsummert

Sesongen 2020 blei ikkje heilt som planlagt. Etter ein fantastisk sesong i 2019, med god aktivitet på mange områder, sette vi opp ein tiltaksplan på styremøte 25.februar med tanke på å auke aktiviteten endå meir. Så blei landet stengt ned 12.mars som fylje av Covid-19 pandemien og dei fleste planane anten måtte utsettast eller avlysast. Alt var uvist. Men trass ned stenginga klarte vi å gjennomføre alle nærløpa og nattløpa som var sett opp på terminlista. Dei første nærløpa gjekk som Usynlig-O, til at det blei opna opp for litt meir normal aktivitet, og vi kunne ha nærløp i Helgåsmarka den 20. mai. Sunnfjord-orienteringa som var satt opp 6. mai blei erstatta av Usynlig-O, så for å ikkje bryte ein mangeårig tradisjon vart Romjulsløpet 2020 kalla Sunnfjord-orienteringa.

O-skulen for born og vaksne måtte avlysast, men både skulesprinten og O-trolleir ble gjennomført. Tiltaksplanen lenger bak viser kva planer vi hadde og korleis det har gått.

Sjølvsagt om mange løp har blitt avlyst i år så har fleire løpere fra Førde tatt turen ut i landet og deltatt på løp, og det har også blitt nokre gode plasseringar. Hovedløpet og O-landsleiren vart holdt på Lillestrøm i år, sjølvsagt i ein litt anna form enn tidlegare. Anja og Håkon deltok fra Sogn og Fjordane krins.

Ocad kurset som var planlagt har vi valgt å utsette. Anja har gått web-kurs i kart teikning med Ocad, og teikna skulegardskart ved og rundt Førde barneskule / Førde Huset. Anja har også tatt trener 1 kurs over to helger i Bergen. Det går mange web-kurs i tida framover med forskjellige tema, så her er det bare å melde seg på.

Tur-Orienteringa fikk ein oppsving i år med 68 deltakere mot 41 i fjor. Det blei lagt ut fire grønne løyper som var gratis. Desse var lagt i områder som også rullestolbrukarar og familiar med barnevogn kunne delta. Ein kan sjå av statistikken over klippa at desse løypene vart nytta av flest personar. Vi håper at trenden fortsetter framover.

Oppdatering av diverse kart har også blitt gjennomført i år. Her er det viktig at dei som startar med slikt arbeid gjer beskjed til dei fire kartkontaktane i klubben, samt leiar. Dette for å forhindre at fleire set i gang med same jobben. Det er fortsatt ein del kart igjen som kan trenge ei oppdatering, så det er bare å melde sin interesse.

Fjord-O, som lenge hang i ein tynn tråd, vart arrangert i slutten av juli, og blei ein stor suksess. Med fire løp over fire dager så kan vi sjå tilbake på flotte dager med orientering. Alle dei fire løpa hadde nær 600 deltakarar kvar dag, og var dermed det største arrangementet som var i Norge i 2020. Sjølv sagt skulle vi ønskt at det vart ei anna ramme rundt løpa og arrangementet enn det det blei med tanke på smittevern og «kom, spring og reis», men stor honnør til hovudkomiteen, løpsansvarleg og alle funksjonærar som drog dette i land. Det vart også eit betydeleg overskot som delast på Førde- og Tambar IL.

KM-natt hadde 25 deltakarar laurdag den 3. oktober. Tusen takk til Kurt som var løypeleggar/løpsleiar. Med eit nydelig vær og flotte løyper i Kinna-lia vart det ein fin haustkveld i skogen. Ekstra kjekt var det at ein heil gjeng med nybegynnarar deltok på nattløpet, nokre av dei for første gang. Det blei delt ut deltakarpremie til alle i tillegg til KM-medaljar.

Romjuls-løpet, i år også kalt Sunnfjord-orienteringa, blei tradisjonen tru halde 2. juledag. Med Helge som løypeleggar og underteikna som smittevern ansvarlig. Diverre var det ikkje rom for å servere gløgg, julekaker og grilla pølse på bålet. Med arena ved lysløypa i Sundsdalen, blei det nesten litt for spennande å fylgje med på værmeldingane. Ved rigging av arena bles og snøa det noko voldsamt, men rett før start klarna det opp og det vart eit flott vær for løparane. Sjølv om værutsiktene såg dårlege ut, vart det ny deltakar rekord med 57 løparar. Det vanka premie til vinnarane av dei forskjellige klassane.

Til slutt vil eg rette ein stor takk til resten av styret, dei forskjellige råds- leiar/medlemmane og alle andre som har bidrege til at vi har kunne holde på med o-sporten vår i dette annerleisåret. Alle som har deltatt, funksjonærar og løparar, har hatt fokus på smittevern og har overhalde gjeldande reglar. Noko som har vore svært viktig i år for at vi i det heile tatt har kunne haldt på med aktiviteten vår.

Vi får bare håpe 2021 kan bli litt meir mot det normale, så vi igjen kan stå å diskutere vegvalg etter målgang.

Knut Even Hole

Leiar FIL-Orientering

Årsmelding frå Teknisk råd 2020

Torodd Os	leiar
Egil Nestande	medlem
Helge Schei	medlem
Andreas Haug	medlem

Terminliste

Teknisk råd har, i samarbeid med rekruteringsrådet, sett opp terminlista og hatt ansvar for å registrere nærløpa i Eventor. Elles har prosedyren i samband med nærløpa vore slik som dei siste åra: Teknisk råd ved Torodd har stått for registrering av alle løparane og tidtaking med EQTiming-system. Etter løpa fortløpande opplasting til Eventor og sending av resultat til opplasting på heimesida og utlegging på Facebook. Gjennomføring av aktivitetar/løp vart ein del avgrensa på grunn av Covid-19.

Kartarbeid

Viktigaste kartarbeidet har vore oppdatering av 7-8 km² av Bringelandskartet som vart klart til Fjord-O 2020. Gunnar Gytri har vore engasjert til dette arbeidet, som både omfattar resynfaring og digitalisering basert på ny konstruksjon (laserkurvar). Kartet Klappene er nytt med ny konstruksjon (laserkurvar). Gunnar har utført alt kartarbeidet og resynfaringa. Anja Hole har gjennomført nettkurs korleis teikne skulegardskart og gjennomført kartarbeidet på orienteringskartet Førde Barneskule, (Skulegardskart.)

Kartarbeid Egil, i 2020 har eg gjort ein del korrigeringar og oppdatering av fleire kart.

Vieåsen, kartfil: Vieåsen 030920 EN.oed.

Hafstadparken, kartfil: Hafstadparken 4000 251020 EN.oed.

Førdehuset, kartfil: Førdehuset 100920 ENgeoref.oed.

Halbrend-Flatene, kartfil: Halbrend-Flatene 120520 ENgeoref.oed.

Sunde Farsund, kartfil: Sunde Farsund 031020 EN.oed.

Kråkenesmarka, kartfil: Kråkenesmarka 090820 EN.oed.

Helge har utført mindre oppdateringar på Digerneskartet.

Synfaringskurs

Ikkje gjennomført kurs i 2020 på grunn av Covid-19.

Løypeleggingskurs med OCAD

Planlagt løypeleggingskurs vart ikkje gjennomført på grunn av Covid-19. Til kurset kjøpte vi 10 stk. eittårs-abonnement på OCAD CS-lisensar for løypelegging. Desse vart ikkje brukt og vil utgå i mars 2021 dersom vi ikkje fornyar abonnementet.

Utstyr

Postutstyr m.m. på lageret og situasjonen per desember 2020 er slik:

- Postteiningar 130 stk. på bukkar + 18 stk. på plate med oppheng. Sum 148 stk.
- Starteiningar 9 stk. (6 stk. kjøpt 2016 eller seinare)
- Leigebrikker 47 stk. (Alle kjøpt 2016 eller seinare)

Både posteiningar og leigebrikker er sjekka og fungerer (posteining 138 har skadd styreknagg men er OK)

Postskjermar

- A-kvalitet (nye/nesten nye) 125 stk.
- B- og C-kvalitet 75 stk.

Registreringsutstyr

MTR4, komplett m/EPR3 3 stk. + Torodd 1 stk.? (Nytt batteri på nr. B. Alle fungerer.)

- eScan komplett m/EPR3 1 stk. OK
- Startdisplay ESD2, 1,5 stk. (Sogndal IL eig halvparten av den eine)

Arrangement

Førde IL Orientering i samarbeid med Tambarskjelvar IL gjennomførte vi Fjord-O 2020 med nær 600 deltakrar, dei 4 løpa var dei største orienteringsløpa i Norge 2020. Tilbakemeldingar for gjennomføringane var berre positive. EQ Timing v/Bjarte Dyngeland var innleigd, vi samarbeidde med påmeldinga, tilpassa startlister, startnummer og gjennomføring av tidtakinga på alle løpa.

Førde 1. februar 2021

Teknisk Råd

Årsmelding frå turorienteringsrådet.

Jostein Fredly	Leiar
Kurt Grønli	Medlem
Kristian Bråten	Medlem

Turorienteringa 2020 – Klar framgang i deltakartalet

I år har det vore god aktivitet i turorienteringa. Årsaka til dette er i hovedsak todelt. For det første har Coronapandemien ført til at folk har søkt seg til «smittefrie» trimaktivitetar. I tillegg har vi i år for første gang hatt 4 grøne turar som er tilrettelagt for rullestolbrukarar og familiar med barnevogn. Som postar på desse turane har vi brukt gjerdestolpar med postopplysningane skrudd fast på skilt på toppen av stolpane. Dei grøne turane har i år vore gratis.

Tilsaman har vi lagt ut 65 postar på fylgjande kart:

Hafstadparken: Grøn tur med 7 postar
Farsund/Sunde skule: Grøn tur med 8 postar
Sentrum/Førdehuset: Grøn tur med 8 postar
Vieåsen: Grøn tur med 7 postar

Kinna nedre: Raud tur med 8 postar
Kinna øvre: Svart tur med 7 postar
Ulvedalane: Blå tur med 10 postar
Kråkenesmarka: Raud tur med 10 postar

I år har det som tidlegare år vore tilbud om turorientering på nett. I tillegg har vi avtale med Intersport (Erdal Sport) om sal av orienteringsposar, der det i år vart selt 9 posar..

Tilsaman har 67 personar registrert seg som deltakarar i år, herav 64 på nett og 3 med klippekort. Dette er ein klar framgang frå i fjor då det var 41 deltakarar.

Vi har ein hovedstamme med trufaste turorienterarar som utgjer hovedtyngda saman med ein del barnefamiljar. Arbeidet med å få med fleire unge vaksne held fram.

Det har vore lite problem med postane i år. Vi har fått rapportert at tusjen på ein del av stolpepostane var bleika og vaska vekk av regn. Vi må satse på meir haldbar tusj neste sesong.

Ellers har vi fått inn nokre få tilbakemeldingar som alle er positive. Postane har vore passe vanskelege, og dei er lagde på mange fine utsiktspunkt.

Alt i alt, ein fin turorienteringssesong som gir inspirasjon fram mot 2021 sesongen.

Årsmelding Trenings- og rekrutteringsrådet 2020

Gunnar Gytri - leiar

Anne Therese Kusslid -medlem, Julie Daling-medlem, Anita Hole –medlem

Arbeidsmøte internt i rådet

19 februar hadde vi eit arbeidsmøte der vi gjekk gjennom aktivitetsplanen og fordelte ansvar

16 november hadde vi eit møte med dei aktive ungdommane

Rekrutteringstiltak;

Ekstra fokus ved nærløp

Rådet valde vekk informasjonsmøtet vi hadde hatt før sesongen dei 2 åra tidlegare. Vi ville heller gjere ein ekstra innsats på nærløpa, der vi ville være ekstra merksame på nye brukarar. Vi ynskte også at fleire etablerte medlemmar kjøpte sesongkort før første nærløpet, samt at nye blei flinkare å melde seg på nærløpa ved å bruke eventor, m.a. for å unngå kø ved påmeldinga på dei første løpa.

Diverre fekk vi ikkje gjennomført den nære kontakten med brukarane slik vi hadde planar om ettersom landet stengde ned.

O-skule for vaksne og born og Verdens O-dag på nærløpet 13 mai

Desse 3 tiltaka gjekk heller ikkje som oppsett

Rekruttering skule

Vi hadde planlagt å ha aktiviteten i mai, men den vart utsett til perioden 15-19 september. Det var Sunde skule og Slåtten skule som fekk invitasjonen dette året og dei takka ja med ein gang.

Aktiviteten føregjekk som tidlegare år frå Soleide. Elevane sykklar til å frå o-dagen og får såleis mykje god trim denne dagen. Været var litt vått første dagen, men det la ikkje nokon dempar på elevar og lærar. Anita og Gunnar var ansvarlege for kart, løype og instruksjon på vegne av FIL orientering.

I tillegg hadde Hafstad vgs. orienteringsaktivitet over 3 dagar i Hafstadparken/Førde sentrum.

Deltakinga vart lågare enn målsettinga på 500 elevar, men fleire av klassane som deltok var prega av Coronasituasjonen, sidan elevane var heime med svake symptom.

Dato	Skule	Klasstrinn	Elevlar	Lærarar	
15.09.2020	Sunde	5,6 ,7	72	6	
17.09.2020	Slåtten	5,6	82	6	
18.09.2020	Slåtten	7	60	3	
18.09.2020	Hafstad vgs	10	30	1	
02.10.2020	Hafstad vgs	10	30	1	
26.09.2020	Hafstad vgs	10	30	1	
			304	18	



Geir Hoff og 2 elevlar frå Sunde skule tv og elevlar frå 6 trinn Slåtten til høgre.
Foto: Gunnar Gytri

O-trolleir / rekruttleir

Den 6 juni vart det gjennomført kombinert o-trolleir/ rekruttleir frå Langeland skisenter med 15 deltakarar. Dei var i alderen 7-11 år.

Anne Therese Kusslid, var ansvarleg på vegne av Førde IL orientering, samt vaksne medhjelparar frå deltakande klubbar (Sogndal, Askvoll og Holmedal; Gaular og Ørsta)

Desse var med: Elisabeth Kusslid, Ann Kristin Kusslid, Mathilde Juklestad, Morris Asheim, Sanna Asheim, Sverre Stubhaug, Kornelius Bydal Strandenenes og Jørgen Korsøen Daling alle Førde IL

Ella Haugsbø Ryste, Gaular IL

Odin Øye Hjellbrekke og Magnus Øye Hjellbrekke Ørsta IL

Benjamin Barsnes Frøyd og Nils Ødegård, Sogndal IL

Olea Fristad og Vena Fristad, Askvoll og Holmedal IL

Treningstiltak; Faste treningar for ungdom.

Våren 2020 gjennomførte Mark Purkis som trenar 6 treningar og utgjorde trenarteam saman med støtteapparatet (foreldra til Håkon og Anja). Det vart gjennomført laurdagstreningar av høg kvalitet.

Trygve Nummedal Os, Håkon Grønli og Anja Hole hadde flest frammøte. Hausten 2020 flytta Mark Purkis til Bergen og utetreninga vart ivareteken av Gunnar Gytri. Vi hadde 2 vellukka treningar og eit planleggingsmøte.

Vintertrening jan, feb., mars og nov og des. Slåtten skule

Styrketrening med o-tekniske oppgåver. Deltakarar; Anita Hole, Anja Hole, Trygve Nummedal Os, Håkon Grønli, Kristian Bråten. Ansvarleg trenar Mark Purkis (vår) og Anja Hole (Haust). Å lage oppgåver har blitt delegert.

Nattløpa. I perioden 30. september til 4. november, vart det avvikla 6 nattløp. Desse løpa er ei verdifull forlenging av sesongen og god trening.

Kart i skole

Anja Hole laga eit flott skulegårdskart ved Førde barneskule. Ho hadde Gunnar Gytri som rettleiar. Kart i Skole vart støtta av Norges Orienteringsforbund og Anja deltok m.a. på eit webkurs over 2 dagar før ho starta opp arbeidet med kartet.

Resultat frå konkurransar 2020

KM-vinnarar frå Førde IL

KM-mellom, IL Vetten: D 15-16 Anja Hole, H 15-16 Håkon Grønli, H 70 Torodd Os,
KM-lang, IL Vetten: D 15-16 Anja Hole, H 40 Stian Alvær, H 60 Gunnar Gytri,
KM-natt, Førde IL: D 15-16 Anja Hole, D 50 Anita Hole, H 15-16 Håkon Grønli, H 60 Gunnar Gytri, H 70 Jostein Fredly,

Vestlandsmeisterskap Kvamskogen Hordaland, Varegg Fleridrett

Mellomdistanse D15-16 Anja Hole, nr.3 , H 70 Helge Schei nr.3, H 15-16 Håkon Grønli nr.5
Langdistanse H 60 Gunnar Gytri nr.1, H 70 Kurt Grønli nr.2, H 15-16 Håkon Grønli nr.5

Geilo 2-dagers, Gular IL

Dag 1 D 15-16 Anja Hole nr.3 og H 15-16 Håkon Grønli nr. 3.

Hovedløpet, Østmarka OK

H 15 Håkon Grønli nr. 11 av 52 på HL-lang, og nr. 10 av 54 på HL-sprint.
D 16 Anja Hole nr. 23 av 54 på HL-lang, og nr. 23 av 63 på HL sprint

Utvalde løp

NM ultralang Drammen (10 km) klasse for H 15-16 (ikkje NM) Håkon Grønli nr. 26
Fjellgeita Emblem IL (4 km) Damer Anja Hole, nr. 2 av 15
KM-Hordaland IL Gular (mellom) Anja Hole, nr. 1 av 4
O-Idol Fana IL Anja Hole D16 Nr 28 av 31.
Anja Hole deltok også i NM jr. Stafett på samansett lag og utanom konkurranse.

Førde IL Orientering – Resultatrekneskap 2020

Inntekter					Utgifter				
Konto nr.	Kontoklasse/budsjettkapittel	Rekneskap 2020	Budsjett 2020	Rekneskap 2019	Konto nr.	Kontoklasse/budsjettkapittel	Rekneskap 2020	Budsjett 2020	Rekneskap 2019
	INNTEKTER TOTALT	346816,39	290000	173753,24		UTGIFTER TOTALT	263561,90	290000	231358,09
	MEDLEMSINNTEKTER	0,00	25000	24912,72		KOSTNAD VED DELTAKIN I STEMNE	20294,43	38500	32335,00
3010	Eigenandel innetrening	0,00	0	0,00	4000	Startpengar	20294,43	30000	32335,00
3070	Eigenandel deltaking på løp	0,00	25000	24912,72	4020	Reiseutgifter	0,00	7000	0,00
					4050	Ymse	0,00	1500	0,00
	INNTEKTER FRÅ ARRANGEMENT	166822,42	53000	11187,51		KOSTNAD VED EIGE ARRANGEMENT	38880,05	41100	8784,13
3350	Startkontingent krinsløp	4780,00	2000	2136,51	4132	Turorientering	675,00	2600	2527,88
3351	Startkontingent andre løp	155617,42	43000	4051,00	4150	Premiar	4105,05	24000	5378,00
3352	Deltakaravgift turorientering	6425,00	7000	5000,00	4180	Annonser, porto	0,00	1000	0,00
3369	Andre arrangementsinntekter	0,00	1000	0,00	4185	Utstyr, varer	34100,00	12500	878,25
					4195	Ymse	0,00	1000	0,00
	SALGSINTEKTER	1070,92	32000	19110,00		TRENING, INSTRUKSJON	28373,38	38000	41434,61
3540	Kiosksalg	0,00	25000	120,00	4230	Samlingar, leirar	13458,00	22000	14089,45
3550	Salg av utstyr, m.a. nye drakter	1070,92	6000	16910,00	4231	Trenerhonorar/reiseutgifter	9639,00	0	0,00
3560	Salg av kart	0,00	0	0,00	7320	Annonser/ informasjon	4506,38	4000	2488,81
3570	Ymse	0,00	1000	2080,00	6010	Lokalleige	770,00	2000	1665,00
					4270	Ymse forbruksmateriell	0,00	10000	23191,35
	TILSKOT	161453,00	132500	74778,00		KART, ANLEGG, UTSTYR	155186,75	135000	114306,09
3160	Tilskot frå hovudlaget	18000,00	18000	18000,00	4410	Løpsutstyr	61286,75	50000	11023,74
3125	Spelemidlar/kulturmidlar (kart)	0,00	9500	0,00	4431	Kartprosjekt	50000,00	50000	83625,00
3170	Tilskot frå NOF/SFOK	39216,00	35000	38620,00	4432	Nærmiljøkart	43900,00	30000	1933,00
3190	Andre tilskot (m.a refusjon mva)	104237,00	70000	18158,00	4435	Ymse	0,00	5000	17724,35
	TRENING, INSTRUKSJON	17470,05	46000	42026,01		KONTIGENTAR	13173,00	25000	21372,00
3320	Startkontingent nærløp	17470,05	45000	42026,01	4610	Kontigent til SFOK	12000,00	12000	12000,00
3322	Ymse	0,00	1000	0,00	4620	Kontigent/løpsavgift til NOF	1173,00	13000	9372,00
	RENTEINNTEKTER	922,00	1500	1739,00		ADMINISTRASJON	7507,64	12000	12866,26
8050	Lagskonto (3700.07.15094)	0,00	0	5,00	6800	Porto, papir, telefon	3181,38	1500	1702,76
8051	Sparekonto (3700.58.54246)	922,00	1500	1734,00	3400	Lokalleige	0,00	500	0,00
					6860	Møte, kurs	4141,36	5000	5000,00
					7790	Andre adm. utgifter	184,90	5000	6163,50
	RESULTAT	83254,49	0	-57604,85		FINANSKOSTNADER	146,65	400	260,00
					7740	Øredifferanser ved avstemming	0,65	0	0,00
					7770	Gebyr (bank, post)	146,00	200	260,00
					7781	Gebyr (vipps)	0,00	200	0,00
					8155	Renter	0,00	0	0,00
	FINANSPOSTER					BANKKONTOAR	Saldo pr		Saldo pr
	RENTEINNTEKTER	922,00		1739,00			31.12.2020		01.01.2020
	Gebyr og renteutgifter	146,65		260,00	1942	Lagskonto (3700.07.15094)	58041,14		24429,37
	Netto finansposter	775,35		1479,00	1944	Sparkonto (3700.58.54246)	328998,93		381606,93
						Sum	387040,07		406036,30
	ÅRSRESULTAT	84176,49	0	-56125,85					

Dato fra-til: -

Regnskapsår: 2020

Periode: 01 - 02

Balanse

for
Førde Idrettslag

Side: 1

Nr.	Kontonavn	Denne periode			Hittil		
		Regnskap i år	Regnskap i fjor	Budsjett	Regnskap i år	Regnskap i fjor	Budsjett
EIEDELER							
1570	Andre kortsiktige fordringer	118 647,42			118 647,42		
1751	Påløpt inntekt orientering	11 750,00			11 750,00		
1926	O gruppa 3700.58.54246	328 998,93			328 998,93		
1949	Ogruppa 3700.07.15094	58 041,14			58 041,14		
	Eiendeler	517 437,49	0,00	0	517 437,49	0,00	0
EGENKAPITAL OG GJELD							
2021	Egenkapital	431 836,00 cr			431 836,00 cr		
	Udisponert resultat (Ikke bokført)	84 176,49 cr			84 176,49 cr		
2381	Uavklarte bilag	0,00			0,00		
2400	Leverandørgjeld	1 425,00 cr			1 425,00 cr		
	Egenkapital og gjeld	517 437,49 cr	0,00	0	517 437,49 cr	0,00	0

Dato fra-til: -

Resultatregnskap

Regnskapsår 2020

for

Periode 01 - 02

Førde Idrettslag

Side: 1

Nr.	Kontonavn	Denne periode			Hittil		
		Regnskap i år	Regnskap i fjor	Budsjett	Regnskap i år	Regnskap i fjor	Budsjett
Salgs- og driftsinntekt							
3160	Tilskot hovedlaget	18 000,00 cr			18 000,00 cr		
3170	Tilskot frå NOF SFOK	39 216,00 cr			39 216,00 cr		
3190	Andre tilskot ma refusjon mva	104 237,00 cr			104 237,00 cr		
3320	Startkontingent nærløp	17 470,05 cr			17 470,05 cr		
3350	Startkontingen krinsløp	4 780,00 cr			4 780,00 cr		
3351	Startkontingent andre løp	155 617,42 cr			155 617,42 cr		
3352	Deltakaravgift turorientering	6 425,00 cr			6 425,00 cr		
3550	Salg av utstyr	1 070,92 cr			1 070,92 cr		
	Salgs- og driftsinntekt	346 816,39 cr	0,00	0	346 816,39 cr	0,00	0
Varekostnad.							
4000	Startpengar	20 294,43			20 294,43		
4132	Utgifter	675,00			675,00		
4150	Premier	4 105,05			4 105,05		
4185	Utstyr og varer	34 100,00			34 100,00		
4230	Samlinger leirar	13 458,00			13 458,00		
4231	Trenerhonorar og reiseutgifter	9 639,00			9 639,00		
4410	Løpsutstyr	61 286,75			61 286,75		
4431	Kartprosjekt 1	50 000,00			50 000,00		
4432	Nærmiljøkart	43 900,00			43 900,00		
4610	Kontingent til SFOK	12 000,00			12 000,00		
4620	Kontingent løpsavgift til NOF	1 173,00			1 173,00		
	Varekostnad.	250 631,23	0,00	0	250 631,23	0,00	0
Driftskostn. og av- og nedskrivninger							
6010	Lokal leige	770,00			770,00		
6490	Annen leiekostnad	0,00			0,00		
6800	Kontorrekvisita	3 181,38			3 181,38		
6860	Møte, kurs, oppdatering o l	4 141,36			4 141,36		
	Driftskostn. og av- og nedskrivninger	8 092,74	0,00	0	8 092,74	0,00	0
Annen driftskostnad							
7320	Reklamekostnad	4 506,38			4 506,38		
7740	Øredifferanser ved avstemming	0,65			0,65		
7770	Bank- og kortgebyr	146,00			146,00		
7790	Andre adm.utgifter	184,90			184,90		
	Annen driftskostnad	4 837,93	0,00	0	4 837,93	0,00	0
	Driftskostnader	263 561,90	0,00	0	263 561,90	0,00	0
8051	Renteinntekt bankinnskudd	922,00 cr			922,00 cr		
	Årsresultat	84 176,49 cr	0,00	0	84 176,49 cr	0,00	0

Førde IL Orientering – Budsjett 2021

Inntekter					Utgifter				
Konto nr.	Kontoklasse/budsjettkapittel	Budsjett 2021	Rekneskap 2020	Budsjett 2020	Konto nr.	Kontoklasse/budsjettkapittel	Budsjett 2021	Rekneskap 2020	Budsjett 2020
	INNTEKTER TOTALT	204000	228168,97	290000		UTGIFTER TOTALT	204000	237761,25	290000
	MEDLEMSINNTEKTER	15000	8500,00	25000		KOSTNAD VED DELTAKIN I STEMNE	28500	19494,43	38500
3010	Eigenandel innetrening	0	0,00	0	4000	Startpengar	25000	19494,43	30000
3070	Eigenandel deltaking på løp	15000	8500,00	25000	4020	Reiseutgifter	2000	0,00	7000
					4050	Ymse	1500	0,00	1500
	INNTEKTER FRÅ ARRANGEMENT	16000	39675,00	53000		KOSTNAD VED EIGE ARRANGEMENT	19000	13880,05	41100
3350	Startkontingent krinsløp	9000	3250,00	2000	4132	Turorientering	2000	675,00	2600
3351	Startkontingent andre løp	0	30000,00	43000	4150	Premiar	7000	4105,05	24000
3352	Deltakaravgift turorientering	7000	6425,00	7000	4180	Annonser, porto	0	0,00	1000
3369	Andre arrangementsinntekter	0	0,00	1000	4185	Utstyr, varer	10000	9100,00	12500
					4195	Ymse	0	0,00	1000
	SALGSINTEKTER	3000	1070,92	32000		TRENING, INSTRUKSJON	40000	28373,38	38000
3540	Kiosksalg	0	0,00	25000	4230	Samlinger, leirar	15000	13458,00	22000
3550	Salg av utstyr, m.a. nye drakter	3000	1070,92	6000	4231	Trenerhonorar/reiseutgifter	15000	9639,00	0
3560	Salg av kart	0	0,00	0	7320	Annonser/ informasjon	5000	4506,38	4000
3570	Ymse	0	0,00	1000	6010	Lokalleige	2000	770,00	2000
					4270	Ymse forbruksmateriell	3000	0,00	10000
	TILSKOT	138000	161453,00	132500		KART, ANLEGG, UTSTYR	85000	155186,75	135000
3160	Tilskot frå hovudlaget	18000	18000,00	18000	4410	Løpsutstyr	10000	61286,75	50000
3125	Spelemidlar/kulturmidlar	20000	0,00	9500	4431	Kartprosjekt	65000	50000,00	50000
3170	Tilskot frå NOF/SFOK	30000	39216,00	35000	4432	Nærmiljøkart	10000	43900,00	30000
3190	Andre tilskot (m.a refusjon mva)	70000	104237,00	70000	4435	Ymse	0	0,00	5000
	TRENING, INSTRUKSJON	31000	17470,05	46000		KONTIGENTAR	18000	13173,00	25000
3320	Startkontingent nærløp	30000	17470,05	45000	4610	Kontigent til SFOK	12000	12000,00	12000
3322	Ymse	1000	0,00	1000	4620	Kontigent/løpsavgift til NOF	6000	1173,00	13000
	RENTEINNTEKTER	1000	922,00	1500		ADMINISTRASJON	13000	7507,64	12000
8050	Lagskonto (3700.07.15094)	0	0,00	0	6800	Porto, papir, telefon	3000	3181,38	1500
8051	Sparekonto (3700.58.54246)	1000	922,00	1500	3400	Lokalleige	0	0,00	500
					6860	Møte, kurs	5000	4141,36	5000
					7790	Andre adm. utgifter	5000	184,90	5000
						FINANSKOSTNADER	500	146,00	400
					7740	Øredifferanser ved avstemming	0	0,65	0
					7770	Gebyr (bank, post)	200	146,00	200
					7781	Gebyr (vipps)	300	0,00	200
					8155	Renter	0	0,00	0

TILTAKSPLAN FOR FØRDE IL ORIENTERING, SESONGEN 2020

Kontaktperson: Knut Even Hole knuteh@hotmail.com

Tiltaksområde	Mål	Tiltak	Hvordan (beskriv)	Tidspunkt	Ansvarlig	Ønsket resultat	Rapport
Ungdom	Beholde ungdom	Innetrening	Tinge plass på Slåtten skule og ha innetrening ein dag i veka	nov-mars	Gunnar	5 ungdom	Utført til 12/3-20
Ungdom	Beholde og aktiviserer ungdom	Samling	Invitere aktiv ungdom i eigen klubb og andre klubbar til samling på Utvikfjellet	23.-24 mai	Anita	12 ungdom	Avlyst pga Covid
Rekruttering skule	Opplegg og gjennomføring på 4 skular	Verdens O-dag 13.-19. mai	Kontaktte Flatene skule, Halbrend skule, Sunde skule og Slåtten skule	13.-19. mai	Egil, Anja og Gunnar	Minst 500 elever deltek	Utsatt til hausten, 3 skuler og ca 300 elever
Nye medlemmer	Betre kontakt med brukarane som kjem som nye på nærløp	Verdens O-dag 13. mai	Ha eige telt og rikeleg med "vertar" på nærløpet	13.mai	Anita	Minst 10 nye på nærløpet frå Viebøen	Ikkje utført pga Covid
Kart i skole	Utarbeide skulegårdskart ved Førde barneskule	Ungdom utarbeider skulegårdskart	Søke støtte hos NOF og veilede ungdom som synfarer og tegner	juni-august	Gunnar	Ferdig kart ila sesongen	Utført.
Rekruttløp	Få med deltakarar på o-skulen på leir	Rekruttløp 8-12 år	Invitere barn og foreldre på dagssamling på Langeland skisenter	06.jun	Anne Therese	Minst 10 deltakarar frå eigen klubb	Utført. 15 deltakere
Sommar o-skule	Følge opp tidlegare deltakarar	O-skule	Opplegg til barn 8-12 år 5 onsdagar i forkant av nærløpa	15.april -13. mai	Anja og Håkon	Minst 10 deltakarar frå eigen klubb	Avlyst pga Covid
Vaksne	Basisopplæring	O- skule for vaksne	Ha parallelt tilbud til vaksne medan o-skule for barn pågår	15.april -13. mai	Gunnar	6 foreldre	Avlyst pga Covid
Nærløp	Aktivitet for alle	Løyper av ulik vanskelighetsgrad	Gjennomføre 17 nærløp + 6 nattløp	Onsdagar april-nov	Teknisk	Økt antall løpere	Utført, først med Usynlig-O
OCAD	Fleire løypeleggarar	Oppdat. av OCAD/ evt. kjøpe fleire lisenser	Tilby kurs for dei som er sett opp som løypeansvarlege på nærløpa	Vår	Teknisk	Fleire OCAD brukere	Avlyst pga Covid
Kopimaskin	Kartutskrift	Vedlikehold og kalibrering av kopimaskin	Assistere om nødvendig på løype-teikning og utskrift av kart til nærløpa	Vår-haust	Teknisk	Gode kart på løp	Utført.
Rekruttering turorientering	Få med nye	Gratis grøne turar	Stand på samlingsplass	O-dagen 13. mai	Kurt, Jostein og Kristian	20 kart	stand avlyst pga Covid
Annonsering turorientering	Gjøre kjent	Annonse Firda	2 annonser	Ved sesongstart	Knut Even		Utført.
Salg poser turorientering	Innsalg	Sal poser	Erdal Sport	Heile sesongen	Jostein	40 poser	Utført.
Rekruttering turorientering	Få med nye	Gratiskart + poser	Utdeling + sal nærløp	Nærløp vårsesong	Kurt, Jostein og Kristian	50 kart 10 poser	Avlyst pga Covid
Oppfølging turorientering	Hindre fråfall	Innslag på Facebook	Bilder, tekst	Heile sesongen	Kurt, Jostein og Kristian	Alle løyper	Utført.